



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

OED

postmottak@oed.dep.no

Leikanger 10.02.2016

Brev til energi- og miljøkomiteen/OED

Støtte til NVE si avgjerd om avslag til Bremangerlandet vindkraftverk.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Hornelen Kystlag, Norsk Ornitologisk Forening i Sogn og Fjordane og Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane vil med dette vise vår støtte til vedtaket i NVE om å avslå konsesjonssøknad til Bremangerlandet vindkraftverk. Fagleg har det vår fulle samtykke.

Vi viser og til vår høringsfråsegn til konsesjonssøknaden datert 15.11.2011.

I den opprinnelege (faglege) versjonen av Regional plan for vindkraft låg Bremangerlandet inne med stort konfliktpotensial, i raud sone.

Frå Vindkraftplanen om Operative mål, siste setning side 2: *Dei retningslinjene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvenser av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfold, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdier.*

INON – her er det i vindkraftplanen sett STOR konflikt grunna ubrutt inngrepsfri natur frå fjord til fjell. Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftverk MD og OED seier i kap. 3.5 om INON at det er SVÆRT STORT konfliktpotensial:

- i områder som går ubrutt frå fjord til fjell

Dei ubrutte inngrepsfrie områda frå fjord til fjell består og av naturtype av nasjonal verdi; fuktige nordvendte bergvegger og blokkmark med innslag av fuktighetskrevande moser og lav. Kartleggaren av naturtyper gav difor Bremanger eit nasjonalt forvaltningsansvar for denne naturtypen.

Friluftsliv i det aktuelle området: Det aktuelle utbyggingsområde er eit mykje brukt lokalt friluftsområde. Mot aust, nær ved ligg Hornelen Nord-Europas høgste sjøklippe. Området kring denne er eit regionalt, nasjonalt og til dels internasjonalt viktig friluftsområde av høg verdi. Turen til Vetvika i vest går langsmed / gjennom planområdet til eit friluftsområde av høg regional verdi. Planområdet er mest brukt til fotturar, men det er og eit viktig skiutfartsområde for Ytre Bremanger. Det er mindre snøsikkert enn Guleslettene og har mindre besøk enn det, men på Bremangerlandet er det viktig som skiutfartsområde. Dette viktigaste skiturområdet i Ytre Bremanger, har startpunkt ved nordenden av Oldeidtunnelen, og derifrå går ein vestover og rett inn i det planlagde vindkraftområdet. Lokalt i Ytre Bremanger finst det ikkje andre alternative skiturområde som er like snøsikre.

I Bremanger kommune er heile 100 lengre og kortare turar kartfesta!

<http://www.sophusportalen.no/artikkel.aspx?Mid1=510&AId=624&Back=1>

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Vi viser og til Fylkesmannen sin fråsegn og motsegn til søknaden bl.a grunna biologisk mangfald og fugl spesielt.

Vår kommentar til klage frå Svein Inge Fosse: Allmenne interesser som friluftsliv, natur og miljøinteresser vil verte sterkt svekka ved bygging av Bremangerlandet kraftverk. Frå bl.a Hornelen vil ein frå delar av turen opp sjå rett i vindkraftverket i utsynet mot sjøen. Frå fleire andre turruter vil ein kome nær vindkraftanlegget både visuelt og støymessig. Underskrivne har som mange andre friluftinteresserte sjølv vore gjest hjå Svein Inge Fosse og under samtale fått opplyst at han sjølv ikkje går, eller har gått desse turane.

Vi vil såleis ikkje stadfeste Fosse sitt utsegn om at gjester til Kalvåg eller andre destinasjonar i Bremanger ikkje vil koma til å velje andre reise- og turmål om Bremangerlandet vindkraftverk vert ein realitet. Sumverknadane av fleire anlegg vil forsterke dette.

Som vi poengterte i vår høyringsfråsegn datert 15.11.2011 (*vedlegg*): **Ser ein på sumverknadane av Bremangerlandet, Vågsvåg, Hennøy, Mehuken, Guleslettene og Okla meiner vi konfliktgraden med friluftslivet må settast til stor konflikt også for Bremangerlandet! Avstandane mellom desse anlegga er ikkje stor, men anlegga influerer langt større område.**

Vi er difor også sterkt ueinige med klagaren Bremangerlandet Vindpark AS.

Når det gjeld landskapskvalitetar og tilnærma urørt natur, inngrepsfri, utanom mindre naturhistoriske kulturspor og -element, finnes det ikkje avbøtande tiltak for tapet!

Dette er og vår kommentar til Jenny Følling ved fylkeskommunen sitt brev av 17.12.2015 punkt 2. a) avbøtande tiltak, der berre kulturmiljø vert nemnt. Vi minner om at Fylkeskommunen no også har fått ansvar for friluftsliv og at det her ikkje finnes avbøtande tiltak for tapet frå vår synsstad.

Når det gjeld klagen frå Vindkraftforum og styrking av lokalt næringsliv ved å opprette større klynger av vindkraft i samla område, er vår kommentar til dette, at det lokale næringslivet ikkje vil klare å ha kapasitet til bygging av fleire større vindkraftanlegg om desse skal realiserast innan 2020. Noko vi reknar med er eit mål. I driftsfasen er tal arbeidsplassar så få at tapet av areal og kostnad pr. arbeidsplass ikkje kan forsvare tal arbeidsplassar.

Samfunnsøkonomisk: Norske investorar sel seg ut av vindkraft. Utanlandske er på veg inn, t.d svenske Vattenfall (kilde: Vindkraftnytt). Historisk låge kraftpriser i 2015 (NVE) og det ser ut til å holde fram. Rask produksjonsauke i markedet vil bidra ekstra til å holde prisane låge lengre framover. 18 TWh har fått konsesjon, men vert ikkje bygd (kilde NVE). Vi stiller oss då enno meir kritiske til å gje konsesjon til vindkraftverk der konfliktgrad og sumverknadane vert store negative.

Sumverknadane av all utbygd vasskraft og nye konsesjonsgjette vass- og vindkraftanlegg med kraftliner og infrastruktur er alt stor i Bremanger kommune.

NVE har i sitt avslag påpeika ein mogeleg konflikt med den svært viktige TV og telekommunikasjonsmasta oppe på fjellet kloss ved det planlagde vindkraftverket. Det er ei stor og viktig ålmenning og av samfunnsinteresse å ikkje risikere å få heilt eller delvis øydelagt TV-signala, internetsambandet, mobilsambandet og kanskje også naudnettet(?) av eit vindkraftverk som vert plassert tett på dette svært viktige telekommunikasjonsknutepunktet.

Kystområda våre er ekstremt sårbare både visuelt og økologisk for inngrep. Samstundes er ein rekke kulturminne knytt til kystleden og tidleg busetting. Dette er eit storskalalandskap kor inngrep er synlege over store avstandar! Det er difor særst viktig å handsama alle vindkraftutbyggingar i eit geografisk område under eitt, for å kunne

ivareta særtrekka ved kystlandskapet og minimalisera store endringar, slik dei operative måla i Fylkesdelplanen for vindkraft eigentleg skulle arbeide for.

Vi støtter brev med vedlegg frå MDG i Sogn og Fjordane 06.02.2016. Vi etterlyser også større representasjon av våre allmenne verdiar knytt til friluftsliv, natur og miljø hjå fylkeskommunen sin representant.

Konklusjon:

Landskapet vi søker til for å drive friluftsliv, avkopling og opplading, inneheld oftast eit komplekst sett av kvalitetar i ein heilskap: Landskapsrommet med naturen sin vakre og særeigne estetikk, det biologiske mangfaldet på staden, kulturminner, egne minner og opplevingar, rom for meistring, åleine eller i ein sosial kontekst. Landskap har ein stor verdi både for enkeltmenneske (friluftsliv) og for nasjonen (reiseliv). Store inngrep i dei mest spesielle kystlandskapa med høg verdi bør ikkje forsvarast, før ein kjenner til ei reell krafttrøng som gjer det samfunnsøkonomisk lønsamt og naudsynt å byggje ut så store areal i inngrepsfri natur. Sitat Håkon Sandvik, direktør i Vestavind Kraft, Seminar i Florø 26.08.09: «Vi byggjer ikkje ut vindkraft av di vi treng krafta, men av di vi treng industrien» (og dette vart sagt mest om offshorevindkraft).

Industriarbeidsplassar bør leggast til andre type område av fylket vårt! (Viser til Jenny Følling ved fylkeskommunen/vindkraftforum sitt brev om trøng for tilflytting og næringsutvikling. Vi tilbakeviser at dette er vegen å gå for å oppnå dette).

Bremangerlandet Vindkraftanlegg gir stor konflikt i høve

- **biologisk mangfald og fugl spesielt (vindkraftplanen)**
- **INON (vindkraftplanen/Retningslinjer MD & OED)**
- **landskap (stor regional verdi etter Landskapskartlegginga – og vurdert som ein del av eit større område, Retningslinjer MD & OED/ Den Europeiske landskapskonvensjonen)**
- **friluftsliv (friluftslivsorganisasjonane/FNF), her meiner vi konfliktgraden er stor og støyverdiane gjer området uegna til framtidig friluftsliv, nærleik til verdifulle område av høg verdi.**
- **Sumverknaden av fleire vindkraftanlegg i regionen vil få ein større negativ konsekvens for norsk reiseliv, men og for friluftslivet, landskapet, kulturminnene og biologisk mangfald.**
- **ny linetrase for framføring av krafta (kulturminner, landskap, friluftsliv)**

Vi meiner ein bør vere restriktiv med å gje konsesjon til eit større tal anlegg med vid spreiding langs kysten, før ein har fått på plass ein god metodikk for å sjå på samla belastning og sumverknader av fleire større anlegg i eit geografisk område!

Bremangerlandet Vindkraftverk meiner vi er eit av dei verre omsøkte anlegga og vi går på det sterkaste imot det omsøkte anlegget.

Vi vil såleis gje vår fulle støtte til NVE sitt vedtak om å avslå konsesjon til Bremangerlandet vindkraftverk!

Med venleg helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
v/ Marit Vøien Nes



Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet
v/ Ron Overdevest, leiar



Kystlaget Hornelen
v/ Lars Olav Rylandsholmen, nestleiar Bremanger



NOF Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
v/ Torbjørn Hasund, leiar



Forum for natur og friluftsliv

Underteikna er sakshandsamar: Elisabeth Dahle, koordinator
sognogfjordane@fnf-nett.no , tlf. 480 20 532

Epost sognogjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogjordane